

# Møre og Romsdal SV

Fylkesårsmøtet 10.-11. februar 2024

Innkommne forslag til uttaler

## Innhold

Forslag til endring av Forskrift om førerkort m.m. (førerkortforskriften).....	2
Intern fråsegn – organisatorisk situasjon: Grafisk profil og fristar.....	3
Brøyting av gang- og sykkelveggar må prioriterast!.....	4
Foreldrebetalinga skal gå barnehagen ikke til profitørene som bor i Sveits!.....	5
Fysisk aktivitet for alle.....	6
Gratis/billig kollektivtransport.....	7
Har vi fått det tryggare etter politireform og nedbygging av psykiatrien? .....	8
Legg til rette for Utasund kommune på Romsdalskysten .....	9
Nedbygging av natur må stansast!.....	10
Nei til gruvedrift på havbunnen.....	11
Stopp folkemordet – anerkjenn Palestina! .....	12
Rettferd for ureturnerbare flyktningar .....	13
Rettstryggleik og rettferd for asylsøkarar .....	14
Fjern aldersgrensa for meddommarar .....	15
Innspel frå Tingvoll SV – Hvordan dekke framtidias kraftbehov? .....	16

1 **Forslag fra Sunndal SV, Intern fråsegn for oversending til SV sentralt og til**  
2 **stortingsgruppa:**

3 **Forslag til endring av Forskrift om førerkort m.m. (førerkortforskriften).**

4 I førerkortforskriften § 12-3, 2. og 3. ledd er forsvaret og sivilforsvaret omfattet av et unntak  
5 fra kraver om førerkort for å føre motorvogn i ulike klasser. Dette unntaket burde også gjelde  
6 for frivillige hjelpemannskaper fra f.eks. Røde Kors, for klasse S (snøscooter). Dette må  
7 naturligvis forankres godt med dokumentert opplæring i lokale ledd.

8 Bakgrunnen for dette forslaget er at utgiftene for å utdanne nye snøscootersjåførere har blitt  
9 veldig store etter at klasse S forsvant (01.07.2006) som en bonus ved oppkjøring på klasse B  
10 (personbil).

11 Utgiftene slik det er i dag, er på 12.000-15.000kr per. person for klasse S. En utgift som må  
12 dekkes inn av de lokale lagene ved hjelp av dugnadsinnsats. Alt dette for å kunne stå i frivillig  
13 gratis beredskap for lokalsamfunn rundt om i hele landet.

14 Nedenfor er et forslag til tillegg i forskriften.

15 **Endringer og tillegg er merket rødt**

16 **§ 12-3.Særregler for Forsvaret, Sivilforsvaret og FORF.**

17 · Militært personell i tjeneste for Forsvaret eller Sivilforsvaret som har førerrett i klasse B, kan  
18 avlegge praktisk førerprøve i klassene C1, C1E, C, CE, D1 eller D1E. Tilsvarende gjelder for  
19 klassene D og DE fra fylte 20 år. Førerkort utstedes, med ordinær gyldighetstid, når  
20 kandidaten oppfyller alderskravene og dokumentasjon for obligatorisk opplæring framlegges.  
21 Dersom førerkort ikke er utstedt innen fem år etter at praktisk prøve er bestått må ny praktisk  
22 prøve bestås før førerkort kan utstedes.

23 · Motorvogn eller vogntog som betinger førerkort klasse S, BE, C1, C1E, C, CE, D1, D1E, D  
24 eller DE kan ved bruk i Forsvarets tjeneste føres av militært personell med førerkort klasse B  
25 og Forsvarets førerbevis. Forsvaret har ansvar for at det benyttes kvalifiserte førere som har  
26 fått opplæring i bruk og stell av vedkommende kjøretøy etter godkjent program.  
27 Opplæringsprogram og opplæring skal registreres av Forsvaret. Helsekravene i aktuell klasse  
28 skal være oppfylt.

29 · Tilsvarende gjelder ved bruk i Sivilforsvarets tjeneste under beredskap, hjelpeaksjoner, og i  
30 forbindelse med øvelser eller annen form for sivilforsvarsopplæring. Dette kan unntaksvis  
31 også gjelde annen kjøring som er skriftlig beordret av ansvarlig sjef. Sivilforsvaret har ansvar  
32 for at det benyttes førere som har fått opplæring i bruk og stell av vedkommende kjøretøy.

33 **(Forslag til nytt tillegg)**

34 · Unntaket for klasse S gjelder også for frivillige redningsmannskaper organisert gjennom sine  
35 paraplyorganisasjoner f.eks. Norges Røde Kors, Norsk Folkehjelp og Norske  
36 Redningshunder, ved bruk i tjeneste under beredskap, hjelpeaksjoner og i forbindelse med  
37 øvelser eller annen form for opplæring og aktivitet i organisasjonen. Organisasjonenes lokale  
38 ledd er ansvarlig for en tilfredsstillende dokumentert opplæring, som minimum omfatter  
39 sikkerhet ved kjøring, hensyn til natur og miljø og bruk og stell av kjøretøy.

40 **Forslag fra Ørsta SV**

41

## 42 **Intern fråsegn – organisatorisk situasjon: Grafisk profil og fristar**

43 Styret i Ørsta SV ønsker å bygge eit sterkt og aktivt lokallag. For å få det til treng vi å spele  
44 på lag med medlemmane, fylkeslaget og SV sentralt. Samarbeidet med medlemmene våre  
45 er vi veldig godt nøgd med.

46 Samarbeidet med SV i fylket og sentralt er godt, men vi ønsker likevel å løfte eit par ting som  
47 kan bli betre.

### 48 **1. SV sin grafiske profil**

49 For ei tid tilbake fekk SV ny raud og grøn farge på alt profileringsmateriell. Vi er ikkje  
50 imot fornying, men fargane som vart valt fungerer dårleg. Dei opplevast som  
51 burgunder/brun og mosegrøn. Vi har medlemmer som nektar å bruke dei nye  
52 t-skjortene/vestene og vi har fått mange tilbakemeldingar på at fargane ikkje er gode.  
53 Vi saknar dei klare raude og grønne fargane som er varemerket til SV. Vi tek det også  
54 som ei sjølvfølge at nye t-skjorter er Fair Trade sertifisert.

55

### 56 **2. Korte frister**

57 Det er krevjande å drive eit lokallag når frister for høyringar, påmeldingar og digitale  
58 møte vert korte. Ofte er det berre nokre få dagar frå informasjon kjem til frista går ut.  
59 Det er ikkje foreinleg med frivillig arbeid. Vi vil sterkt oppmode om at både fylket og  
60 sentralt gjer sitt ytterste for å gje lokallaga lengre frister.

61

62 **Forslag til uttale frå Bjørn Jacobsen og Ingrid Opedal**

63

64 **Brøyting av gang- og sykkelveggar må prioriterast!**

65

66 Ein snørrik vinter har mint oss om den viktige jobben brøytemannskapa gjer, og kor viktig det er  
67 å tenkje på alle grupper i samfunnet som er avhengig av tilgjengelege vegar. Sjølv sagt er det  
68 viktig å få brøyte bilvegane slik at folk kjem seg fram, samstundes som hjelpetenestene kjem  
69 fram til brukarane. Men det er også avgjerande, både for tryggleik, folkehelse og  
70 samfunnsøkonomi, at også gang- og sykkelvegane vert høgt prioritert.

71

72 I fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024 står det mykje om å legge til rette for mjuke trafikantar,  
73 og om universell utforming. Sitat: Vi skal gjere det meir attraktivt å gå og sykle til skole og jobb  
74 ved å bygge, utbetre og drifte infrastruktur for gåande og syklende. Både klima- og  
75 folkehelseomsyn tilseier at fleire bør gå og sykle til skule, jobb etc når avstandane er rimelege.  
76 Vinterstid kan dette vere ei utfordring, då gang- og sykkelveggar gjerne hamnar nedst på  
77 prioriteringslista over brøyteoppgåver. Samstundes veit vi at dette har eit likestillingsperspektiv.  
78 Undersøkingar frå Transportøkonomisk institutt (TØI) viser at kvinner i større grad enn menn  
79 nyttar kollektivtransport, at dei oftare byter transportmiddel i løpet av dagen på grunn av  
80 bringing og henting av born, handling etc. og at fleire kvinner enn menn vert skadde som  
81 fotgjengarar, særleg om vinteren.

82

83 Endra vinterdrift og brøytemønster i Sverige, der ein måkar fortau og gang- og sykkelfelt først,  
84 viste at ein relativt enkelt kan redusere talet på fotgjengarskader betydeleg. Talet på  
85 innleggingar på sjukehus og turar på legevakta vart betrakteleg færre etter at dei fekk løfta  
86 likestillingsperspektivet inn brøyteplanane i den enkelte kommune. Likestilt snørydding er i  
87 tillegg eit viktig verktøy for universell utforming.

88

89 I Noreg er det svært få kommunar som har likestillingsperspektiv i førarsetet når dei lagar  
90 brøyteplanar. Når forskning eintydig viser at dette gir store personlege gevinstar og store  
91 samfunnsøkonomiske innsparingar, burde dette vere enkelt. Alle kommunar bør ha  
92 likestillingsperspektivet med når ein lagar planar for vintervedlikehald. Samfunnet vårt blir meir  
93 tilgjengelig for alle, og fleire vil reise kollektivt.

94

95 Fylkesårsmøtet i Møre og Romsdal SV oppmodar difor om at likestillingsperspektiv vert  
96 prioritert i alle fylkeskommunale og kommunale brøyteplanar.

97

98 **Forslag til uttale frå Bjørn Jacobsen**

99

100 **Foreldrebetalinga skal gå barnehagen ikke til profitørene som bor i**  
101 **Sveits!**

102

103 Regjeringa ber i disse dager kommunene komme med innspill til styring og  
104 finansiering av barnehagesektoren. Revidering av barnehageloven.

105

106 Barnehagene blei starta opp av grunderkvinnfolk over heile landet og var private i  
107 starten. Etter at lovfesta rett til barnehage blei innført har sektoren utvikla seg  
108 enormt.

109

110 Møre og Romsdal SV ser gjerne at regjeringa skritt for skritt gjør barnehagene  
111 billigere og til slutt gratis. Her kan en godt følge modellen og utviklinga i SFO der en  
112 har tenkt på de mest sårbare barna, og at de også skal få tilgang til SFO, gjennom å  
113 få tilgang til SFO noen timer og at gratisprinsippet sakte men sikkert siger inn i  
114 tilbudet.

115

116 For å gjøre barnehagene tilgjengelig for flest mulig bør lov og forskrift stimulere til at  
117 barnehageopptaket i den enkelte kommune gjøres fortløpende.

118

119 Det er et viktig prinsipp at foreldrebetalingen som finnes fullt og helt går til barna og  
120 driften av barnehagen, slik at det for velferdsprofitører blir umulig å ta ut fortjeneste i  
121 form av husleie eller på anna måte hindre at foreldrenes penger går til barna.

122

123 Barnehageloven bør og ta inn over seg de sterke signaler fra forskere, fagfolk og  
124 foreldre om at 6-åringene bør få komme tilbake til barnehagen.

125

126

127 **Forslag til uttale frå Molde SV**

128

129 **Fysisk aktivitet for alle**

130

131 26. januar publiserte NAV på sine sider at rammen for aktivitetshjelpemidler til personer over  
132 26 år for 2024, 59 millioner, nå er bundet opp. Dette gjelder også tilleggsbevilgningen på 20  
133 millioner som kommer senere. Alle søknader som kommer inn fra nå av, vil bli avslått.

134

135 Helsegevinsten av fysisk aktivitet er udiskutabel, det gjelder også for personer med  
136 bevegelseshemninger. Ved å legge til rette for aktivitet for denne gruppen, vil man kunne  
137 oppnå bedre livskvalitet, bedre helse og høyere deltagelse i arbeidslivet noe som vil gi  
138 gevinst både for individet og samfunnet.

139

140 Møre og Romsdal SV mener at rammen for aktivitetshjelpemidler må betydelig opp, til 200  
141 millioner i første omgang. Målet er at alle som ønsker skal ha mulighet til å delta i fysisk  
142 aktivitet.

143

144 **Forslag til uttale frå Ålesund SV**

145

146 **Gratis/billig kollektivtransport**

147 Å innføre gratis/billig buss for barn og unge er et viktig tiltak av flere grunner. For det første  
148 reduserer det utgiftene for familier, spesielt de med begrensede økonomiske ressurser. Dette  
149 gir alle barn, uavhengig av familiens inntekt, lik tilgang til utdanning, fritidsaktiviteter og  
150 sosiale arrangementer.

151

152 Gratis/billigere buss bidrar også til å fremme miljøvennlige transportalternativer. Ved å  
153 oppmuntre til bruk av kollektivtransport fra en tidlig alder, kan samfunnet bidra til å redusere  
154 biltrafikk, luftforurensning og karbonavtrykk. Dette har positive konsekvenser for miljøet og  
155 bidrar til å forme bærekraftige vaner hos de kommende generasjonene.

156

157 Gratis/billigere buss for barn og unge er ikke bare et økonomisk og miljømessig tiltak, men  
158 også en investering i samfunnets fremtid ved å legge til rette for lik tilgang, bærekraftige  
159 vaner og personlig utvikling.

160

161 Det er en sammenheng mellom kostnader til transport og deltakelse på fritidsaktiviteter. Når  
162 transportkostnader reduseres, blir det lettere for barn og unge å delta i fritidsaktiviteter.  
163 Samlet sett bidrar billigere buss til å skape et mer inkluderende samfunn ved å gi alle barn og  
164 unge muligheten til å delta i fritidsaktiviteter, uavhengig av økonomiske begrensninger knyttet  
165 til transport.

166

167 **Forslag til uttale frå Sula SV**

168  
169 **Har vi fått det tryggare etter politireform og nedbygging av psykiatrien?**

170 Hovudfokus for SV bør framleis vere desse to: **Omfordeling slik at økonomisk og sosial**  
171 **skilnad på folk vert mindre, og vern av natur, naturmangfald og miljø.**

172  
173 Men der er også nokre andre utfordringar som SV bør sette noko fokus på. Ei av desse  
174 utfordringane gjeld tryggleik for folk flest. Først og frems liv og helse, men også eigedom.  
175 Då er det naturleg å sette søkelyset på politiet og psykiatridelen av helsevesenet.  
176

177 **Politireforma**

178 Denne vart vedtatt i Strortinget i 2015 etter eit forlik mellom Høgre, FrP, KrF, Venstre og  
179 Arbeiderpartiet. På bakgrunn av dette er det ikkje unaturleg at SV stiller spørsmål om denne  
180 reforma har hatt den verknaden ein såg føre seg.

181  
182 *I 2023 vart det meldt om 36 drap i Noreg. Det er rekordhøgt.*

183 Talet på alvorlege brotsverk er også høgt. Det er ingen ting som tyder på at talet har gått ned  
184 etter reforma. Oppklaringsprosenten har heller ikkje gått opp. *Den ligg no på litt over 40%.*  
185 Vi ser også døme på nye utfordringar, mellom anna er det no rapportert om ungdomsgrupper  
186 som har gått til fysisk åtak på politiet. Kan det vere at politiet ikkje har god nok kontakt med  
187 alle deler av folket? Er det slik at for mykje av kontakta skjer gjennom bilvindaug, og at  
188 direkte kontakt berre skjer når nokon er mistenkt for å ha gjort noko gale?  
189

190 Vi meiner det er på høg tid å evaluere verknadane av politireforma. Då tenkjer vi ikkje først og  
191 fremst på at talet på tenestestader er kraftig redusert. Det er eit tema som har vorte ivrig  
192 diskutert i media, og kan vere viktig nok, men reforma inneheld mykje meir.

193 Vi reknar med at der er klare positive verknader av nokre av endringane, t.d. etterforsking av  
194 nettovergrep, men kva med andre områda for åtferd som er til skade for samfunnet?

195 Det å drive med førebyggjande politiarbeid er viktig, men det å oppklare straffbare handlingar  
196 er også viktig førebyggjande politiarbeid.

197 Det å redusere talet på politidistrikt frå 27 til 12, har skulle gi ressursar til å ha fleire operative  
198 politifolk ute? Det var i alle fall argumentasjonen. Har det gått slik?

199 Etablering av eit politidirektorat var nok viktig. Er dette høveleg stort og er ressursbruken  
200 høveleg i høve til den operative politistyrken?  
201

202 Kunnskap og kultur var også tema som vart brukt i argumentasjonen for reforma. Nokre av  
203 oss hadde stor respekt for kulturen som rådde i lensmannsetaten.

204 Korleis har målet om kunnskapsbasert politiarbeid, kvalitet og prestasjonar gått?

205 SV i Møre og Romsdal ønsker at det vert gjort ei kunnskapsbasert evaluering av  
206 politireforma. Har forventningane til reforma vorte innfridd? Er det nokon av endringane som  
207 har verka negativt i høve til det som var målsettinga?  
208

209 **Psykiatri**

210 Mange av valdshendingane og drapa, er gjort av personar med ein psykiatrisk diagnose.

211 Fleire av hendingane er gjort av personar det er sendt «bekymringsmelding» om. Nokre  
212 hendingar er gjort av personar som er dømde til psykisk helsevern under tvang.

213 Fleire oppgåver innan dette feltet er førd over frå politiet til helsevesenet.

214 SV i Møre og Romsdal ønsker at det vert gjort ei kunnskapsbasert evaluering av korleis  
215 arbeidet med å fylgje opp personar som på grunn av ei psykisk liding kan vere til fare for seg  
216 sjølv eller andre; eller personar som grunna slik liding har gjort alvorlege brotsverk og har blitt  
217 dømde til psykisk helsevern under tvang, vert fulgt opp.  
218



219 **Forslag til uttale frå Bjørn Jacobsen**

220

221 **Legg til rette for Utasund kommune på Romsdalskysten**

222 Statsforvaltaren i Møre og Romsdal må legge til rette for grensejustering mellom  
223 Molde og Aukra kommune

224

225 Med om lag tusen underskrifter i ryggen ba folk i Midsund om å få ha  
226 folkeavstemming om dei skulle få være eigen kommune. Fleirtalet i Molde  
227 kommunestyre avslo at folket skulle bli hørt på demokratisk vis.

228

229 Vi legg vekt på at dei politiske partia i Midsund gjekk til val på at dei ikkje skulle slå  
230 seg i hop med Molde. Så blei Midsund kommune sitt førsteval å gå til Aukra avslått av  
231 Aukra.

232

233 Vi legg spesielt vekt på at no har Aukra kommune einstemmig vedtatt at dei vil slå  
234 seg i hop med gamle Midsund.

235

236 Kommunereforma utasunds i Romsdal er allereie i spel då Haram kommune er  
237 gjenoppstått. Noko som førar til at Ålesund kommune no er åleine yst på  
238 Romsdalskysten då gamle Sandøy kommune ligg under Ålesund. Utasund kommune  
239 i øyriket Romsdal med Sandøy, Midsund og Aukra er i høgste grad ein muleg realitet  
240 og vil bli styrka av ei grensjustering og gje kysten vår ein ny giv.

241

242 Gamle Nettet kommune har innafor Molde kommune fått eit kommunedelsutval for å  
243 handsame lokale saker. Vi ser det samme behovet i Midsund, men her kan løysinga  
244 være grensejustering.

245

246 Under dansketida var Midsund Sør-Akerø og Aukra Nord-Akerø i ein kommune. Det  
247 er fullt muleg å få til igjen. Danskane fekk til det kommunereforma ikkje klarte. No er  
248 det opp til folkestyret i Møre og Romsdal og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal å ta  
249 tak.

250

251

252 **Forslag til uttale frå Volda SV**

253

254 **Nedbygging av natur må stansast!**

255 Oppslaga i NRK siste tida har synleggjort det mange av oss har visst lenge: verdfull natur vert  
256 bygd ned, bit for bit, i høgt tempo. 44.000 inngrep i naturen på fem år. 79 kvadratmeter tapt  
257 natur i minuttet. Sjølv i dei spesielt verdfulle områda, som myrer og villreinområde, forsvinn  
258 minst to fotballbanar med natur om dagen. Artar og leveområde forsvinn, på grunn av  
259 menneskeleg verksemd. Over 1 million artar er truga. Kvar gong vi endrar eller gjer inngrep i  
260 naturen, vert levestadene til planter, dyr og sopp påverka. Vi menneske er avhengig av ein  
261 sunn natur. Naturen sikrar oss mat, vatn og velferd, og intakt natur er det beste vernet mot  
262 følgjene av klimaendringar.

263  
264 Noreg har skrive under på FN's naturavtale. Naturtapet skal stansast, og øydelagd natur skal  
265 setjast i stand att. 30 % av all natur på land og i hav, innsjøar og elvar, skal vere verna innan  
266 2030. All natur ligg i ein kommune, og alle inngrep skjer i ein kommune. Kommunane får difor  
267 ei sentral rolle i gjennomføringa av det nye regelverket for biologisk mangfald. I Naturkampen  
268 til Sabima ligg nokre kommunar i Møre og Romsdal godt an, andre scorar svært dårleg. Det  
269 betyr at vi har ein jobb å gjere!

270  
271 Kommune- og fylkespolitikarane til SV vil vere vaktbikkjer for at kommunane i Møre og  
272 Romsdal tek vår del av ansvaret. Her er planarbeidet sentralt. Mange planar og  
273 kunnskapsgrunnlag er utdaterte. SV fekk i i budsjettforhandlingane med regjeringa på plass ei  
274 utvida tilskotsordning der kommunane kan søkje støtte både til utarbeiding av  
275 kommunedelplan for naturmangfald, til planrevisjon og til oppdatering av  
276 kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald. Det vert også løyvt midlar til gjennomføring av tiltak  
277 for å ivareta naturmangfald.

278  
279 Vi har inga tid å misse!

280

281 **Forslag til uttale fra Ålesund SV**

282

283 **Nei til gruvedrift på havbunnen**

284

285 Noen uker etter at Norge ble det første landet som ga tillatelse til forskning på kontroversiell  
286 dyphavsgruvedrift, viser ny forskning i utlandet at dyphavsgruvedrift kan forstyrre mye mer liv  
287 enn antatt. Havbunnen, en enorm kilde til viktige og kostbare metaller for energiomstillingen,  
288 ser ut til å inneholde mer biologisk mangfold enn forventet. Grunn for forskere til å oppfordre  
289 til forsiktighet.

290

291 Mye er fortsatt er ukjent om livet på havbunnen, og miljøorganisasjoner og forskere tror det er  
292 sannsynlig at forstyrrelsen av livet vil bli stor.

293

294 SV er imot å åpne havbunnen for gruvedrift og viser til bekymringer og advarsler fra det  
295 internasjonale forskningsmiljøet og miljøorganisasjoner om manglende kunnskap om  
296 havområdene. Gruvedrift på havbunnen kan føre til meget alvorlige natur- og  
297 miljøødeleggelser.

298

299

300 **Forslag til uttale frå fylkesstyret**

301

302 **Stopp folkemordet – anerkjenn Palestina!**

303 Medan verda ser på blir ti tusen barn drepne. Kor mange barn og vaksne som er  
304 traumatiserte og skadde for livet er det ingen som veit. Men det vi veit er at tilnærma heile  
305 befolkning på Gaza, 2 millionar menneske, er drevne på flukt og at det ikkje fins trygge  
306 plassar å flykte til. Dette må stoppe!

307 Møre og Romsdal SV er glad for at Norge i lag med 120 andre land i FN, har vore med på å  
308 kreve våpenkvile på Gazastripa. Men Israel viser med sine handlingar at dei ikkje høyrer på  
309 krav frå verdas mange land, frå FN eller den internasjonale domstolen i Haag. Den  
310 internasjonale domstolen har bestemt seg for å behandle anklagen om folkemord som Sør-  
311 Afrika har framsatt. Domstolen påla også Israel å gjennomføre nokre hastetiltak for å verne  
312 palestinske sivile. Avgjerdene i domstolen er Israel folkerettsleg forplikta til å følgje.  
313 Reaksjonane frå Israel så langt tilseier at dei ikkje vil bøye seg for domstolen sine avgjerder.

314 Det er på høg tid å legge makt bak kravet om våpenkvile og humanitær tilgang til  
315 sivilbefolkninga på Gaza. Møre og Romsdal SV meiner at Norge må ta initiativ til  
316 internasjonale sanksjonar mot Israel. Det må få konsekvensar å bryte folkeretten!

317 Vi treng våpenkvile straks for å hindre at fleire sivile liv går tapt. Israelske gisler og  
318 palestinske sivile som er tatt til fange må settast fri, og både Israels og Hamas sine  
319 krigsbrottsverk må etterforskast og straffast.

320 SV har fremma tre forslag i Stortinget, som er heilt lik forslag som fekk tverrpolitisk støtte i  
321 Stortinget da det gjaldt Russlands brutale krigføring i Ukraina. Det er ei farleg utvikling i  
322 verda, dersom folkerett og menneskerettar ikkje skal gjelde for oss alle.

323 Møre og Romsdal SV krev difor at Norge må gjere meir! Det er hårreisande at Norge tener  
324 pengar på å selge våpen til Israel som blir brukt mot sivilbefolkninga i Palestina eller at  
325 oljefondet investerer i israelske bedrifter.

326 Møre og Romsdal SV meiner at:

327 - Norge må anerkjenne Palestina som eigen stat!

328 - Norge må stoppe sal av norske våpen til Israel!

329 - Norge må slutte å investere i israelske bedrifter!

330 - Norge må gå i bresjen for internasjonale sanksjonar mot Israel!

331 SV vil fortsette å legge press på og utfordre den norske regjeringa inntil våpna er lagt ned og  
332 den humanitære katastrofen er løyst.

333 Fritt Palestina!

334

335 **Forslag til uttale frå Marit Aklestad (fylkesstyret), Ingrid Opedal (leiar Volda SV)**  
336 **og Birgit Oline Kjerstad (stortingsrepresentant)**

337

## 338 **Rettfærd for ureturnerbare flyktningar**

339

340 Situasjonen for lengeverande ureturnerbare asylsøkjjarar i Noreg er umenneskeleg.

341

342 Den vesle gruppa såkalla ureturnerbare asylsøkjjarar lever i limbo i Noreg utan  
343 grunnleggjande rettar som retten til å arbeide, studere, stifte familie eller få naudsynt  
344 helsehjelp. Mange av desse har kome til Noreg som mindreårige, og i mangel på  
345 identitetspapir fått sett livet sitt på vent i årevis, nokre gongar tiårsvis. Både NOAS, Røde  
346 Kors og andre hjelpeorganisasjonar har dokumentert dei store negative konsekvensane  
347 dagens asylpolitikk har for menneske som har flykta frå krig og konflikt, og som må leve på  
348 eksistensminimum som ureturnerbare flyktningar. Dei er fanga i systemet – dei får ikkje  
349 opphald, men kan heller ikkje reise frå landet.

350

351 I Møre og Romsdal har saka til Suel Kassembo vakt stor merksemd. Suel kom til Noreg som  
352 16-åring og har vore ein del av lokalsamfunnet på Sunnmøre i 19 år. Sjølv om han heile tida  
353 har snakka sant om bakgrunnen sin, har han i mangel på ID-papir ikkje vorte trudd av staten.  
354 Når han no med hjelp av ei lokal støttegruppe har greidd å dokumentere bakgrunnen sin, vel  
355 utlendingsmyndighetene å sjå bort ifrå eigne sakshandsamingsfeil, og han vart dømd i  
356 Tingretten for brot på Utlendingslova. Dei som fylgde rettssaka, fortel om ein uverdiggjerdig  
357 prosess der Kassembo sine vitne ikkje fekk kome skikkeleg til orde. No trugar staten med utkastning  
358 allereie før saka blir prøvd i lagmannsretten og dommen evt. blir rettskraftig.

359

360 Det strir mot folk sin rettfærdssans at staten ikkje tek ansvar for eigne feil og rettar opp gamle  
361 vedtak gjorde på feil grunnlag. Det strir også mot folk si rettsopfatning å kaste folk ut av  
362 landet etter 19 år på så sviktande grunnlag. Eit grunnleggjande juridisk prinsipp er at tvilen  
363 skal kome tiltalte til gode. Diverre ser vi ein omvendt praksis for flyktningar som kjem til Noreg  
364 utan identitetspapir. I staden for at tvilen fell den tiltalte til gode, mistenkjer og umyndiggjer  
365 staten personar som til dømes Suel Kassembo, utan å få høve til å forklare seg og imøtegå  
366 staten sine påstandar i Utlendingsnemnda (UNE). Bevisbyrda vert lagt på sårbare flyktningar i  
367 staden for på staten. Dette utfordrar våre grunnleggjande prinsipp for rettstryggleik.

368

369 Møre og Romsdal SV gir full støtte til støttegruppa Rettfærd for Suel sin kamp. Vi er urolege  
370 for retninga i norsk flyktning- og asylpolitikk, der innvandringspolitiske omsyn trumfar  
371 grunnleggjande menneskerettar og humane verdiar.

372

373 Vi krev rettfærd for ureturnerbare flyktningar:

374

- 375 • Barnets beste må gjelde i saker som gjeld mindreårige ureturnerbare flyktningar
- 376 • Rettshjelpa i utlendingssaker må aukast og betrast
- 377 • Ureturnerbare må sikrast grunnleggjande menneskerettar som t.d. helsehjelp
- 378 • Det må innførast foreldelsesfrist for saker som gjeld lengeverande ureturnerbare  
379 flyktningar

380

381

382 **Forslag til uttale frå Sula SV**

383

## 384 **Rettstryggleik og rettferd for asylsøkarar**

385

386 For tida sit ein ung mann frå Burundi i kyrkjeasyl i Herøy fordi han er redd politiet skal kome  
387 og pågripe han og plassere han i «utlendingsinternatet» på Gardermoen, som i praksis er eit  
388 fengsel.

389

390 Han har vore i Noreg i 19 år. Han kom til Noreg som mindreårig, men vart ikkje trudd. No har  
391 han lagt fram bevis på at han har snakka sant heile tida og venter på avgjerd i  
392 lagmannsretten.

393

394 Vi ser stadig døme på at asylforvaltinga i Noreg ikkje er god nok. I høve til statslause har  
395 Noreg fått merknad frå FN for måten dei handhever slike saker, men det har ikkje førd til  
396 endring. Dei som konverterer til kristendom er ei annan gruppe som slit med å få ei rettvis  
397 handsaming.

398

399 UDI har og har tilgang på mykje kunnskap. Når dei gjer eit vedtak som søkjaren er ueinig i,  
400 kan det klagast til UNE som er eit politisk utnemnd organ, utan tilgang på mykje kunnskap. Vi  
401 har ofte sett at leiaren i nemnda har gjort vedtak åleine, også ofte utan å gi søkjaren/klagaren  
402 høve til å møte.

403

404 Dersom klagaren vil fremje saka for retten, krev det at ein kan skaffe ganske mykje pengar,  
405 minst 30.000,- berre for å få fremja saka. I tillegg kjem kostnader til advokat og risiko for å  
406 verte dømd til å betale saks kostnader dersom ein taper saka. Dette er eit eksempel på at  
407 rettstryggleik kun er for dei rikaste.

408

409 Møre og Romsdal SV ønskjer at UNE vert lagt ned og erstatta at ein domstol som kan  
410 vurdere ei klage i høve til gjeldande lover og føresegner og på grunnlag av dei bevis som vert  
411 lagt fram. Søkjaren/klagaren må ha rett til å møte, ha rett til advokat og til å leggje fram bevis.

412 **Forslag til uttale frå Oscar Toft**

413 **Fjern aldersgrensa for meddomarar**

414 Møre og Romsdal SV ber SV om å arbeide for at aldersgrensa for meddomarar i Lov  
415 om domstolane §70 vert fjerna.

416 Sjølv om ein kan sitte lenger når ein først er nemnt opp, er øvre aldersgrense for å bli  
417 nemnt opp som meddomar no 70 år. Ei slik aldersgrensa har ein ikkje for  
418 skjønnsmedleamar.

419 Med den høge gjennomsnittlege levealderen i dag, og mengden av oppegåande folk  
420 over 70, meiner vi dette er uheldig.

421 I Lov om domstolane §67 står det mellom anna; «Utvalgene av meddommere skal ha  
422 en allsidig sammensetning, slik at de best mulig representerer alle deler av  
423 befolkningen.».

424 Når ein no drøfter kor representativt utvalet av meddomarar er, bør øvre aldersgrense  
425 og vere med i vurderingane.

426 Som eit inkluderande parti kan vi ikkje stå for aldersdiskriminering.

427 Naturlegvis må ein unngå at ueigna folk møter som meddomarar, men dette bør ein  
428 kunne oppnå på anna vis enn ved ei slik aldersgrense. Kommunane kan allereie no  
429 sjå til at dei oppnemnte meddomarane held fram med å vere eigna, mellom anna  
430 gjennom kontroll av vandelen deira.

## 431 **Innspel frå Tingvoll SV – Hvordan dekke framtidens kraftbehov?**

432 Bakgrunnen er Fred Olsen sitt ønske om bygge vindturbiner kombinert med solceller på Tingvoll. Vi har  
433 laget et leserinnlegg om dette som er vedlagt. Dersom vi skal få gjennomslag for å ta vare på naturen  
434 vår, må vi imøtekomme det stadige behovet for mer energi på en måte som blir tatt på alvor.

435  
436 **Sak til diskusjon årsmøte Møre og Romsdal SV**  
437 Vi står i et dilemma. Det presses på for at Norge trenger mer energi. LO og NHO er sterke pådrivere  
438 her, og det er et ønske om rimelig strøm ut til industri og andre forbrukere. Noe som ikke vil stimulere  
439 til redusert strømforbruk. Samtidig ønsker vi å fase ut bruk av fossil energi og sier nei til ny oljeleting.  
440 Det finnes heller ingen alternative energikilder som ikke har uønskede bieffekter. For eksempel vil  
441 videre utbygging av vindmøller på land true naturen vår og har mange andre bieffekter, vindmøller til  
442 havs får kanskje ikke så mange protestaksjoner, men vil kunne få mange uønskede konsekvenser for  
443 livet i havet. Dersom vi skal kunne redusere behovet for fossil og fornybar energi er vi nødt til å  
444 stimulere til energieffektivisering i bygg, industri, husholdninger og annet. Vi må i tillegg stille  
445 spørsmål ved hva energien brukes til. I dag koster det for eksempel svært lite å lagre store mengder i  
446 skyen, men det krever mye energi. Det samme gjør kryptovaluta. Spørsmålet er: Hvordan kan vi i SV  
447 bidra til politiske vedtak som bremser veksten i energibehovet og samtidig sikrer grunnleggende  
448 behov for energi og bidrar til en rettferdig fordeling? Er det mulig å få til en toprioritet med en  
449 grunnpakke med rimelig strøm og stigende pris med økende forbruk? Dette bør også inkludere  
450 indirekte energibruk knytta til datalagring.

451  
452 *Teksten under er lesarinnlegg som Tingvoll SV har hatt i lokalavisene på Nordmøre*  
453

## 454 **Tingvoll SV sier nei til planlagte vindturbiner på Fløystadfjellet og 455 Kamsvågfjellet**

456 Tingvoll SV er for fornybare energikilder og ønsker utfasing av fossil energi fordi det er nødvendig for  
457 å stoppe global oppvarming. Allikevel er vi imot vindkraft på Fløystadfjellet og Kamsvågfjellet. Det er  
458 fordi risikofaktorene og belastningen for de som bor rundt fjellet kan bli store, og det finnes gode og  
459 mer miljøvennlige løsninger som kan sikre Norges energiforsyning.

## 460 **Risikofaktorer og føre-var-prinsippet**

461 Det har vært pekt på flere risikofaktorer knyttet til realisering av dette vindkraftverket: Støyplager,  
462 blinkende lys og annen visuell forurensning, utslipp av mikroplast og miljøgifter, lekkasje av  
463 hydraulikkolje, avrenning til drikkevannskilder, veier i sårbar natur, samt fare for skade på fugler. Det  
464 såkalte føre-var-prinsippet, som er internasjonalt anerkjent, kommer til anvendelse selv ved  
465 vitenskapelig usikkerhet, men der modeller viser at skadevirkninger er mulige, at de er uopprettelige  
466 eller alvorlige for nålevende og kommende generasjoner, og der effektive tiltak vil være  
467 vanskeligere eller mer kostnadskrevede på et senere tidspunkt. Det kan være usikkerhet om grad av  
468 sannsynlighet for at de ulike risikofaktorene hver for seg vil vise seg, men vi mener at det samlede  
469 risikopotensialet er så høyt at videre planlegging av vindkraftverket i Tingvoll bør avvises ut fra føre-  
470 var-prinsippet.

## 471 **Naturtap og friluftsimteresser**

472 Det fjellområdet der vindparken planlegges består av sammenhengende områder med urørt  
473 natur, og som er viktige friluftsområder for befolkningen. Den internasjonale Montreal-  
474 avtalen forplikter Norge til å verne 30 % av naturen. Pr. dato har 80 kommuner i Norge  
475 vedtatt å stanse alt naturtap – bli såkalt «arealnøytrale». Status som nøytral innebærer at all



476 urørt natur skal stå i fred, eller at all nedbygging av natur blir «kompensert» ved at et annet  
477 og tilsvarende areal blir «restaurert». Det planlagte vindkraftverket dekker et så stort areal at  
478 vi har vanskelig for å se at det er mulig å kompensere for dette tapet.

#### 479 **Hva skjer når vindkraftverkets levetid er over?**

480 Et slikt vindkraftverk har en estimert levetid på 25 - 30 år. En lang tidshorison for en  
481 kommunepolitiker, en kort tidshorison i et flergenerasjonsperspektiv. La oss hypotetisk  
482 tenke oss at vindkraftselskapet går konkurs i det 24. året av levetida. Hvem vil kjøpe et  
483 utrangert vindkraftverk fra et konkursbo? Vil det være mulig å «restaurere» naturen? Og  
484 hvem skal betale regninga? Tingvoll kommune? Grunneierne?

485  
486 **Tingvolls omdømme som økokommune**  
487 Tingvoll har et godt omdømme som økokommune. Det er viktig at Tingvoll ikke blir kjent som  
488 økokommunen som «ofrer urørt natur for å unngå å komme på Robeklista», men at  
489 merkevaren «Økokommunen Tingvoll» viderutvikles og bygger videre på alle de spennende  
490 arbeidsplasser og grundervirksomheter som vi finner i Tingvoll. Alternativet til vindturbiner  
491 på Fløystadfjellet er at man nasjonalt prioriterer andre fornybare energikilder, og at man  
492 lokalpolitisk og rikspolitisk samarbeider om en kommuneøkonomi som sikrer grunnleggende  
493 og rettferdige velferdsgoder for folk flest.

#### 494 **Energiøkonomisering**

495 SV mener Norge både må redusere sitt energiforbruk og sin produksjon av fossil energi.  
496 Energiøkonomisering er viktig for å redusere behovet for energi. Ifølge Sintef vil en stor  
497 satsing på energieffektivisering av bygg frigjøre store kraftmengder på en konfliktfri måte  
498 som gjør at vi unngår høye energipriser og kan oppfylle våre vedtatte klimamål. Ved å gjøre  
499 eksisterende bygg mer energieffektive kan vi innen 2050 spare like mye strøm som tilsvarer  
500 3400 vindmøller (42 TWh).<sup>1</sup>  
501 Det er mange små sparetiltak i både industri, husholdninger og transport som til sammen  
502 betyr mye for redusert energiforbruk og som vi ikke har vært så opptatt av her i Norge på  
503 grunn av rikelig tilgang på billig energi. Vi må presse på politisk for at Norge skal investere  
504 mer av oljemilliardene til å stimulere energiøkonomisering. Vi må ikke ta for gitt at vi har  
505 umettelige behov for ny energi. Vi må ta kontroll over kraftmarkedet. Vi må som samfunn  
506 tenke over hva vi bruker energien på. Trenger vi for eksempel så mange datasentre som det  
507 legges opp til? Trenger vi å lagre alle våre bilder og videoer i skyen? Trenger vi kryptovaluta?

508

#### 509 **Andre kilder for fornybar energi**

510 Ved å oppgradere eksisterende vannkraft anslår NVE at det er mulig å hente ut 6-8 TWh. Det  
511 at vannkraft kan lagres i magasiner gjør at den er viktig for å jevne ut krafttilgang og priser.  
512 Solenergi, jordvarme, varmepumper, biogassanlegg og småskala vindkraftverk i allerede  
513 industrialiserte områder, er eksempler på fornybare energikilder som til sammen kan gi  
514 viktige energibidrag.

515 **Men hva med Tingvoll kommune sin økonomi?**

516 Tingvoll kommune har en presset økonomi og store utfordringer å løse både innen drift og  
517 anlegg. Vi kan forstå at det kan være fristende å si ja til nesten 25 millioner kroner pr. år fra  
518 vindkraftutbygger (selv om det er et tvilsomt høyt tall).

519 Vi ønsker oss også en god kommuneøkonomi som kan sikre trivsel og nødvendige ytelser for  
520 alle som bor i kommunen. For oss er det viktig å se lokalpolitikk og rikspolitikk i sammenheng.  
521 Staten har overført omfattende oppgaver til kommunene som krever økte overføringer. SV  
522 har konsekvent styrket kommunesektoren i sine alternative budsjetter fordi det å sikre gode  
523 velferdstilbud er viktigere enn store skattekutt. I statsbudsjettet for 2024 har SV fått flyttet  
524 på 18 milliarder som har gått til store økninger i barnetrygd og andre ytelser, gratis SFO for  
525 tredjetrinnet og over 10 milliarder kroner til miljø og klima – deriblant fem milliarder for å  
526 finansiere grønn industri slik at det blir mulig for miljøprosjekter å låne penger med bedre  
527 vilkår.

528 **Hva kan vi bidra med lokalt i kommuneøkonomien**

529 Vi ønsker å fortsette og utvikle Tingvoll som økokommune og legge til rette for grønne  
530 arbeidsplasser som gjør at unge mennesker ønsker å slå seg ned og forbli i kommunen vår.  
531 Det er et langsiktig bidrag til en bærekraftig kommuneøkonomi. I tillegg er det viktig å  
532 beholde eiendomsskatt som bidrag til nødvendige fellesgoder.  
533 Samtidig blir vi stadig flere eldre. Men mange av de som blir eldre nå har levd gode liv, og  
534 aldri har det vel vært så mange spreke pensjonister som det er nå. Det er veldig positivt med  
535 tilrettelegging for og stimulering til frivillig innsats som nå gjøres fra kommune,  
536 pensjonistforeninger og frivillige lag og organisasjoner. Det kan gi gode bidrag innen  
537 eldreomsorg, oppvekst og kultur og dermed frigjøre tid slik at fagpersonale kan konsentrere  
538 seg om sine primæroppgaver. Det skaper trivsel og sparer penger for kommunen.  
539 Oppsummert så sier vi nei til den planlagte vindparken, ja til energiøkonomisering og andre  
540 kilder til fornybar energi, og ja til et godt samarbeid både lokalt og rikspolitisk om å styrke  
541 finansiering av en god kommunal offentlig sektor.

542 Tingvoll SV

543 1) [https://www.sintef.no/siste-nytt/2023/energisparing-i-bygg-kan-bli-norges-storste-](https://www.sintef.no/siste-nytt/2023/energisparing-i-bygg-kan-bli-norges-storste-kraftverk/)  
544 [kraftverk/](https://www.sintef.no/siste-nytt/2023/energisparing-i-bygg-kan-bli-norges-storste-kraftverk/)

545

546